



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
24.05.2017
Dykkar dato
09.05.2017

Vår referanse
2017/6095 421.3
Dykkar referanse
17/1220

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 217 bnr 78 - Romarheim - etablering av ny bustad - uttale

Me viser til oversending av sak om oppføring av bustad på gnr 217 bnr 78 med frist til 06.06.17 for å koma med uttale. Tiltaket treng dispensasjon fra LNF-formålet i arealdel av kommuneplanen.

Fylkesmannen si vurdering

Oppføring av bustad på denne eigedomen er krevjande, då eigedomen er svært eksponert frå nærområda. Eit bygg i to etasjar med mønehøgde opp mot 9m verkar ikkje å vera det beste alternativet for å ivareta landskapsområdet. Tiltaket vert ytterlegare eksponert ved at ein legg opp til ein høg forstøtningsmur langs store delar av eigedomen. Fylkesmannen rår til at det vert arbeidd vidare med prosjektet for å få til betre tilpassing av bygget til terrenget og omgjevnadene.

Det må vidare sikrast at tilkomstvegen blir lagt best mogleg i terrenget for å unngå store skjeringar og fyllinger som vil vera uheldige ut frå eit landskapsperspektiv.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.